

---

**Fra:** hfk@hfk.no  
**Sendt:** fredag 8. november 2019 13:08  
**Til:** elin.styve@yahoo.com  
**Kopi:** gudrun.einbu@skyss.no; Ordfører Lindås; Postmottak Lindås  
**Emne:** Svar på innspel til betre kollektivtilbod til/frå Leknes skulekrins

**Til Bygdelaget 5915,**

Me vil fyrst og fremst takka for eit samla innspel til eit betre lokalt kollektivtilbod. Det er fint å kunne sjå kva som er viktig for dykk og korleis de vil ha det framover. Skyss forsøker å gje eit godt grunnleggande tilbod til innbyggjarane i fylket vårt. Mange ønskjer seg naturleg nok eit betre tilbod enn det ein har i dag.

I område som Hjelmås, Leknes og Ostereidet er kollektivtilbodet lagt opp med bussar som bringer passasjerane frå bygdene og inntil region- og kommunesentra som Knarvik med overgang til regionstamlinjer. Det er slik tilbodet er lagt opp fleire andre plassar i Bergensområdet som har eit tilsvarende trafikkgrunnlag. Vårt strategiske grep for eit godt reisetilbod til/frå regionsentra er oppretting av regionstamlinjer med start- og endehaldeplass Bergen busstasjon med minimum 30 min avgang i høgtrafikk. For å kunne gje eit slikt tilbod er det naudsynt å sikre eit høgt passasjerbelegg ved at lokale linjer korresponderer med regionstamlinja i Knarvik.

Som de påpeiker i brevet gjekk 16:07-avgangen på linje 350 slik at båt-korrespondanse var mogleg. Dårleg framkomeligheit for linje 300 medverka til at ein ikkje rakk korrespondansen med linje 350 16:07. Sidan denne avgangen på linje 350 har andre bytter lenger ut i turen , t.d. til Masfjorden, er det vanskeleg å utsette avreise frå Knarvik ytterligare. Løysinga blei difor å flytte denne avgangen til 15:55 for å sørge for betre korrespondanse med ein tidlegare 300-avgang frå Bergen. Dermed mister ein korrespondanse vidare frå båten, noko som påverkar reisande negativt. Samstundes var passasjertala låge på denne avgangen og ein vel her å prioritere betre korrespondanse med 300-linja. Skyss vil evaluere denne løysinga og vurdere moglege tiltak for ei betre reise både for buss- og båtpassasjerar. Ruteendring skjer i hovudsak kvar haust og vi tar innspela dykkar med til vurdering.

Når det gjeld kveldstilbodet vart det i haust lagt til ein kveldsavgang til/frå Ostereidet på linje 350 med moglegheit for å reise frå Knarvik 19:18 og andre vegen frå Ostereidet 20:15. Dette var tidlegare berre eit tilbod på fredagar. Dette var eit svar på å styrke tilbodet til og frå regionsenteret Knarvik.

Martin Tvedt  
Tilbodsutviklar i Skyss